



Leiar i Uskedalen Utvikling Gunnar Myklebust på kaien sin i Stølavikjo. (Foto: Ola Matti Mathisen).

### **Gunnar Myklebust heiter den nye leiaren i Uskedalen Utvikling. Men kven er han egentleg?**

Han er opprinneleg Døsslandsgut, men bur nederst i det nye byggjefeltet i Skårhaug. Gunnar er berre 27 år gamal, singel og ambulansesjåfør av yrke.

Det er grunn til å tru at han tok på seg vervet utan stor motstand og eldre folk i styret legg ikkje skjul på at dei har forventningar til han. Dei visar til at han er ung, at han er ein stor Uskedal-entusiast og at han har idear og pågangsmot. Med andre ord meiner dei at dei har gjort eit godt val.

Uskedalen.no treff Gunnar i naustet hans i Stølavikjo. Der har han lagt ned eit stort arbeid og nærmar seg målet.

Mykje av fritida hans har gått og går med i naustet, som blir ein pryd for naustmiljøet langs stranda.

Når vi spør kva han ellers gjer på fritida er svaret "fysisk fostring både inne og ute". Han trenar i treningsstudio på Husnes og står på seilbrett.

Gunnar er oppvaksen i jordbruksmiljø, og faren dreiv også sandtak. Yrkesvalet til Gunnar vart tilfeldigvis eit heilt anna. Då han kom i militæret på Lahaugmoen ved Oslo, frista utdanning som ambulansesjåfør og han har vore i full stilling med Husnes som "base" sidan 2001.

- Kva er er så målsettinga for den nye leiaren i UU?
  - Først og fremst er det å halda driven i dei tiltaka vi allereie har i gang, som heimesida og kafeen. Det er gladeleg at vt har fått i gang noko i Gamleskulen, men det er plass til fleire tiltak der.
- Når det gjeld det nye dialogforum, skal det få fram aktuelle saker og prosjekt som det er viktig å få gjort noko med.

I denne samanhengen er det ikkje minst viktig at vi får nye folk inn i Uskedalen Utvikling. Vi må engasjere så mange som mogeleg slik at ikkje dei samme går att og slit seg ut. Samstundes får dei som kjem inn sjansen til å gjera noko med saker dei brenn for. Ellers har eg fleire konkrete idear om prosjekt, men dei er ennå ikkje modne for offentleggjerung, seier den nye UU-leiaren.

Av Ola Matti Mathisen